
Fra: Thomas Lilletvedt <t.lilletvedt@gmail.com>
Sendt: mandag 18. desember 2017 09.54
Til: Postmottak Radøy
Emne: Byggesak og Teknisk

Vedrørende pågåande oppføring av tomannsbolig Øvre Austmarka 10 a og b, 79/21.

Som naboar til denne utbygginga opplever me at Bolig & Eigedom AS som utbyggjar, i større og større grad tek seg til rette. Og tek det forgitt at dei skal få godkjenning/samtykke i ettertid.

er positive til utbygging i området og ynskjer å strekkje oss langt i ein byggjeperiode. Men saknar dialog på fleire vesentlege punkt.

Her er ei kort oppsummering.

1. I første nabovarsel motteke 12.05.16 er golvkote oppgitt til +65 meter. Når grunnarbeid er starta får eg eit munnleg spørsmål frå Bolig & Eigedom AS v/Arvid Rikstad 31.05.17, om me har nokon innvendingar mot at huset vert heva 0,7 meter. Han lovar samstundes at nytt nabovarsel skal sendast på denne endringa snarleg. Eg sende skriftleg samtykke på epost til Rikstad 07.06.17. Høgda vert justert opp og bygging startar,

Nytt nabovarsel motteke eg 27.11.17, men no er endringa vorte 1 meter, med "ny" golvkote på +66 meter. Huset nærmar seg no ferdig og det er fleire veker sidan innarbeidet starta.

Frå vår side handlar ikkje dette om ei endring på 0,3 meter, men framgangsmåten. Me opplever her at ein byggjer slik ein ynskjer, og tilpassar endringsmeldinga etter dette.

Er det slik at ei endringsmelding berre er ein formalitet som alltid vert godkjent?

2. 06.12.12 startar graving i vegen for grøft til avlaup. Det som vert gjort er at dei grev rett utom tomtegrensa, og koplar seg på eksisterande privat stikkledning.

Dette er gjort utan dialog eller samtykke frå oss som eig det private stikket.

Forklaringa frå Rikstad er at dei har fått løyve til utslepp frå Radøy Kommune. Me skal berre slappa av, dette har dei lov til.

Kan Radøy Kommune gje ein utbyggjar løyve til å nytta eksisterande private avlaupsnett?

Kan Radøy Kommune gje ferdigattest eller mellombels brukstillatelse utan at forhold kring avlaup og veg er klarert?

3. Me opplever heller ingen dialog knytt til bruk av eksisterande privat veg fram til tomten, samt parkering. Vegen er no svært medteken etter mykje trafikk i byggjeperioden. Handtverkarar som parkerer i vegen, og oppkjørslane våre er og til vesentleg hinder for køyring til og frå eksisterande bustadar. Til tider er vegen heilt sperra, og me kjem oss ikkje til jobb og skule i tide.

Mvh.

Thomas Lilletvedt

Øvre Austmarka 9 79/22

400 74 509